



## Gjennomføring av sveineprøva *Rettleiing til kandidat og arbeidsgivar/bedrift*

**Dette er ei rettleiing til kandidatar som skal opp til sveineprøva og arbeidsgivar/bedrift for planlegging og gjennomføring av sveineprøva.**

### Førebuingar

Før kandidaten skal opp til praktisk sveineprøve er det viktig at både kandidaten og arbeidsgivaren/bedriften set seg inn i kva dei må førebu, og kva kriterium kandidaten blir vurdert på. Det er utarbeidd eigne vurderingskriterium.

Hugs at kandidaten kan bli prøvt i alle kompetansemåla i læreplanen. Malen for gjennomføringa av prøva er rettleiande, og prøvenemnda kan justere denne for å dekke dei måla dei ønsker å prøve i.

Det er noko forskjell på om ein gjennomfører sveineprøva som privatist eller lærling. I hovudsak går dette på krava bedriften har til oppfølging og tilrettelegging. Er ein privatist, har ein sjølv ansvaret for å dokumentere at alle læreplanmåla er gjennomført. Dersom ein er lærling, er ansvaret delt mellom arbeidsgivar/bedriften og lærlingen. Før prøva blir gjennomført er det ein føresetnad at opplæring og nådde læreplanmål er dokumentert skriftleg.

Normalt vil prøvenemnda kontakte arbeidsgivar/bedriften for å finne dei ulike objekta til sveineprøva. For at prøva skal bli så rettferdig som mogleg, skal ikkje kandidaten ha kjennskap til prøveobjekta på førehånd. Det er viktig at prøveobjekta er etter dei spesifikasjonane som prøvenemnda har skildra, og av ein slik karakter at det er mogleg for kandidaten å gjennomføre oppgåva på ein god måte.

Som regel vil prøvenemnda kalle inn kandidaten og tilsynspersonen til eit formøte 2–4 veker før gjennomføring av prøva. Dette møtet kan gå føre seg både fysisk og digitalt. Her blir det mogleg for prøvenemnda og kandidaten å avklare om noko er usikkert eller stille spørsmål kring gjennomføringa. Erfaring viser også at dette møtet hjelper for å få ned nervøsitet hjå kandidaten.



Som tilsynsperson frå arbeidsgivar/bedrift er oppgåva å sørge for at prøva går formelt og rett for seg.  
Men ein får ikkje rettleie kandidaten under prøva.

## Gjennomføring

Sjølve sveineprøva varer som regel i fem dagar. Prøva er delt inn i tre hovudområde:

1. planlegging
2. gjennomføring
3. vurdering og dokumentasjon av eige arbeid

Alle delane er like viktige og vil bli vurdert etter vurderingskriteria.

Når prøva blir utlevert, er det mogleg for kandidaten å lese gjennom oppgåva og stille avklarande spørsmål. Etter at kandidaten har byrja på prøva, er det ikkje mogleg for prøvenemnda å rettleie om innhaldet i prøva. Les derfor nøye gjennom oppgåveteksten før prøva startar.

Etter at kandidaten får utdelt prøva første dag, skal hen planlegge oppgåvene hen har fått. Dersom det ikkje står anna i oppgåveteksten, skal planen for prøva bli levert til prøvenemnda seinast i løpet av den første dagen. Kandidaten må få klarsignal frå prøvenemnda om at planen er god nok, før resten av prøva kan fortsette.

Under gjennomføringa vil prøvenemnda skrive notat på korleis kandidaten gjennomfører oppgåvene. Hugs at dette er notat om både kva kandidaten kunne gjort betre, og kva som er godt utført.

Sjølv om vurdering og dokumentasjon er den siste delen av sveineprøva, er det tilrådd at kandidaten set av tid til å skrive eigen logg og eiga evaluering etter kvar dag. Då er det mykje enklare å reflektere over kva som har skjedd denne dagen, og ikkje heile veka på ein gong.

Hugs at ei god eigenvurdering, både på det ein kunne gjort annleis, og det som var bra, kan bidra positivt i vurderinga til prøvenemnda.



## Klageåtgang

I den praktiske sveineprøva er det berre mogleg å klage på karakteren «ikkje bestått». Det som er gitt klageåtgang, er dersom kandidaten eller arbeidsgivaren/bedrifta meiner at prøvenemnda anten har gjort ein formell feil eller feil fagleg(e) vurdering(ar).

## Teieplikt

Både arbeidsgivaren/bedrifta og kandidaten er pliktige til å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til innhaldet i og vurderingane av prøva. Dette gjeld også etter at prøva er ferdig. Ein skal aldri diskutere prøva eller prøvearbeid med andre enn kandidaten, prøvenemnda eller tilsynspersonen.